

Klaveret i Gamleskulen er nystemd og klar for 100 nye år.

02.01.2020



David Weeler frå Melbourne har vore pianostemmar i Kvinnherad sidan 1990. Slik ser eit 100 år gammalt klaver ut inni.

Eit tysk piano av typen Carl Hardt er nystemd og klar for 100 nye år. Pianostemmar David Weeler stadfestar at klaveret er bygd i Stuttgart for nøyaktig 100 år sidan. Det er i utruleg god stand med ein klang vi sjeldan høyrer i dag. For kvar stemming skriv Weeler sin signatur og dato inne på treverket. Slik registrering syner at han har stemnt nett dette instrumentet tre gonger før, siste gong i 2003. Det var for om lag 15 år sidan av Nelly og Jon Harald Kjærland vederlagsfritt let Gamleskulen få overta dette unike instrumentet.

David Weeler, frå Melbourne i Australia, kom til Noreg i 1988, fann kona si på Bømlø og slo seg ned i Haugesund. Han har utdanninga si som pianostemmar frå heimlandet. Etter ei tid som tilsett i musikkhandel vart det pianostemming på heiltid. Frå 1990 vart han fast pianostemmar i Kvinnherad kulturskule. I dag har han ansvaret for over 100 piano i Kvinnherad, mellom anna i kyrkjer, på skular, i kulturskulen og i private heimar. I Uskedalen har han rundt 10 kundar.

David Weeler stemmer både på gehør og med elektronisk utstyr. God høyrslø er gull verdt for ein pianostemmar. Han må unngå sjokk- og harde lydar. Kvar stemming startar med å slå inn alle A tonane, til vanleg med 442 Hertz (svingingar). I dette høve går han ut frå 434 Hertz for å ikkje påføra instrumentet skade. Til vanleg sig eit piano 4 % i året og bør stemmast kvart år.



Pianostemming handlar mykje om gehør og matematikk, fortel David Weeler.

Eit piano, som er 100 år gammalt, treng til vanleg ein grundig mekanisk service. Då går han over alt treverk, aller skruer, tangentar og strenger.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ei spesialolje for piano kjem vel med på eldre instrument.